

Læreplan i naturfag – førebuande opplæring for

vaksne

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett som forskrift av Kunnskapsdepartementet 03.06.2024.

Gjeld frå 01.08.2024

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Naturfag er eit sentralt fag for å forstå korleis den fysiske verda vår er bygd opp. Faget skal gi deltakarane eit fagleg grunnlag for å bruke og verne om naturressursar og biologisk mangfald og for å gjere val som fører til berekraftig utvikling. Naturfag skal òg gi deltakarane kompetanse til å ta vare på eiga og andre si helse. Gjennom å få utforske naturfagleg språk og naturfaglege metodar, praksisar og tenkjemåtar sjølve kan deltakarane få ei betre forståing av korleis naturfagleg kunnskap blir brukt og utvikla i samfunnet. Kunnskap om samspelet mellom natur, individ, teknologi og samfunn skal styrkje deltakarane sine føresetnader for å tenkje kritisk, gjere bevisste val, finne løysingar og bruke stadig ny teknologi i møte med utfordringar i familielivet, arbeidslivet og samfunnslivet.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Naturfag skal bidra til undring, engasjement og nytenking hos deltakarane ved at dei får arbeide praktisk og utforskande med faget. Naturfag skal leggje til rette for at kompetansen, erfaringane og dei fleirspråklege ressursane til deltakarane blir anerkjende og kan brukast aktivt i opplæring og vurdering.

Kjerneelement

Naturfaglege praksisar og tenkjemåtar

Deltakarane skal oppleve naturfag som eit praktisk og utforskande fag og utvikle verdforståinga si frå eit naturvitskapleg og teknologisk perspektiv. Gjennom kjerneelementet naturfaglege praksisar og tenkjemåtar skal deltakarane møte uttrykksformene, metodane og tenkjemåtane i naturfaget. Naturfaga har eit spesielt språk og fagspesifikke måtar å tenkje på for å forklare og utforske fenomen og hendingar. Deltakarane skal få innblikk i korleis naturfaglege hypotesar, modellar og teoriar blir utvikla, og korleis desse bidreg til at vi kan forstå, forklare og endre den fysiske verda vår. Gjennom arbeid med naturfaglege praksisar og tenkjemåtar skal deltakarane òg styrkje evna si til nytenking og forståing av naturfagleg teori.

Oppbygging – byggjesteinane og systema i naturen

Deltakarane skal med utgangspunkt i eigne erfaringar reflektere over korleis alt i naturen heng saman, og korleis ulike system blir bygde, frå partiklar og celler til organismar og økosystem. Kjerneelementet skal bidra til deltakarane si forståing av at struktur på partikkelnivå har noko å seie for større einingar, til dømes økosystem og klima, og styrkje deltakarane si evne til å sjå samanhengar i naturfag. Gjennom teoretiske og praktiske arbeidsformer skal

deltakarane bruke eigne erfaringar og eiga nysgjerrigheit til å utforske teknologiske system, oppbygginga til kroppen og naturfaglege fenomen.

Endring – prosessar i natur og teknologi

Deltakarane skal utforske små og store endringar i stoff, organismar og omgivnadene. Dette inneber store og langsame forandringar, som utviklinga av livet på jorda, og raskare prosessar, som faseovergangar og dei ulike livsfaseendringane til menneskja. Kjerneelementet omfattar òg det å erfare og reflektere over korleis kunnskap er i stadig utvikling. Deltakarane skal med utgangspunkt i eigne erfaringar utvikle forståinga si av korleis ulike faktorar saman bidreg til endring. Kjerneelementet endring skal styrkje dei føresetnadene deltakarane har for å bruke kreativitet, naturfagleg språk og ulike former for samarbeid i møte med utfordringar som krev nye løysingar.

Innsikt – den naturfaglege medborgaren

Deltakarane skal vidareutvikle den naturfaglege innsikta si og styrkje rolla si som aktør i kvardagslivet, samfunnslivet og arbeidslivet. Dei skal lære om kropp og helse, biologisk mangfald, energi, stoffar og naturfaglege praksisar og tenkjemåtar. Gjennom dette skal deltakarane opparbeide seg erfaringar og eit omgrepsapparat som styrkjer grunnlaget for å delta i demokratiske prosessar, gjere berekraftige vurderingar og gjere gode helseval i eit livslangt perspektiv. Kjerneelementet handlar òg om at deltakarane skal finne, organisere, reflektere over og presentere naturfagleg informasjon og vurdere truverdet til ulike kjelder. Deltakarane skal utvikle denne kompetansen med utgangspunkt i naturfaglege erfaringar og kompetanse dei har frå ulike arenaer, og kunne nyttiggjere seg han vidare i opplæringa, arbeidslivet og samfunnslivet.

Språklæring i naturfag

Deltakarane skal utvikle språket og strategiane dei treng for å kommunisere, lære og nytte naturfag på ulike arenaer, med ulike formål og i eit livslangt perspektiv. Deltakarane utviklar denne kompetansen gjennom å reflektere over og systematisere erfaringar dei gjer seg med naturfaglege problemstillingar og situasjonar i og utanfor opplæringa. Dei skal få erfare at språkleg utforsking og utprøving blir verdsett, og at det å kunne kommunisere og gjere seg forstått i faget er viktigare enn formelt korrekt språk.

Å utvikle språket i naturfag inneber å samarbeide språkleg og fagleg om omgrepsinnlæring, kategorisering, fagtekstproduksjon og presentasjon av data. Den språklege kompetansen i naturfag går frå å kunne namngi og beskrive observasjonar og fenomen til å dele erfaringar og kunnskap om verda som omgir oss, på ein fagleg presis måte. Fleispråklegheit fungerer som ei bru mellom forkunnskapar og nye erfaringar når deltakarane skal utvikle og vise naturfagleg kompetanse på norsk.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I naturfag handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å styrkje deltakarane sine føresetnader for å vareta eigen og andre si fysiske og psykiske helse, og det handlar om å utvikle forståing av kva naturen betyr for folkehelsa. Deltakarane skal forhalde seg kritisk til helserelatert informasjon og bruke han til å ta gode og ansvarlege val knytte til helse, miljø og sikkerheit i både kvardagslivet, familielivet og arbeidslivet. Livsmeistringskompetansen til deltakarane skal brukast aktivt i opplæringa.

Demokrati og medborgarskap

I naturfag handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om at deltakarane skal få grunnlag for å skilje mellom vitskapleg basert kunnskap og kunnskap som ikkje er basert på vitskap. Naturfag skal samtidig bidra til openheit for erfaringsbasert og tradisjonell kunnskap om naturen.

Kompetanse i naturfag gir grunnlag for å vere ein aktiv medborgar og å forstå og vere kritisk til argumentasjonen i samfunnsdebatten. Gjennom å utvikle det naturfaglege omgrepsapparatet til deltakarane legg faget til rette for at deltakarane kan delta i utdanning, arbeidsliv og samfunnsliv.

Berekraftig utvikling

I naturfag handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om at deltakarane skal vidareutvikle kompetanse til å gjere miljøbevisste val og handlingar, og at dei skal sjå desse i samheng med lokale og globale miljø- og klimautfordringar. Kunnskap om samanhengar i naturen er nødvendig for å forstå korleis vi menneske er med på å påverke han. I møte med naturfagleg kunnskap dannar den kulturelle kompetansen og naturerfaringa deltakarane har, eit verdifullt grunnlag som kan bidra til å finne løysingar for å avgrense klimautfordringane, bevare biologisk mangfald og forvalte naturressursane på jorda på ein berekraftig måte.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i naturfag er å kunne kommunisere munnleg om naturfaglege tema i opplæringa og i situasjonar i kvardags- og arbeidslivet. Det inneber å dele og utvikle naturfagleg kunnskap og stille naturfaglege spørsmål basert på observasjonar, erfaringar og fagleg informasjon. Det inneber òg å bruke naturfaglege omgrep for å beskrive, forklare og reflektere over naturfagleg innhald, og for å grunngi eigne haldningar og val, gjerne med støtte i andre språk deltakarane kan.

Utviklinga av munnlege ferdigheiter i naturfag går frå å kunne lytte, setje ord på og samtale om opplevingar og observasjonar til å kunne presentere og diskutere stadig meir komplekse samanhengar i faget og å kunne nytte seg av eit stadig meir presist naturfagleg språk.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i naturfag er å kunne formulere spørsmål til observasjonar og skrive eller skissere naturfaglege forklaringar etter modelltekstar. Det inneber å kunne uttrykkje seg forståeleg i ord og bilete, både i formidling til andre og i eigen læringsprosess. Å kunne skrive i naturfag er òg å kunne gi enkle beskrivingar av observasjonar, erfaringar og eigne synspunkt og delta i språkleg samhandling med støtte i eige og andre sitt førstespråk.

Utviklinga av skriveferdigheiter i naturfag går frå å bruke teikningar og enkle tekstar til å uttrykkje seg med eit stadig meir presist naturfagleg språk, inkludert bruk av figurar og symbol. Dette inneber å kunne skrive stadig meir komplekse tekstar og nytte ulike teksttypar og visualiseringsmodellar i kommunikasjon og problemløysing i opplæring, arbeidsliv og samfunnsliv.

Å kunne lese

Å kunne lese i naturfag er å kunne forstå naturfaglege omgrep, symbol og figurar i naturfaglege tekstar i opplæringa og frå kvardagslivet og arbeidslivet. Lesing i naturfag inneber òg å finne informasjon frå ulike teksttypar og kjelder og å identifisere relevant innhald. Det inneber mellom anna å lese og tolke faremerking og instruksjonar. Med utgangspunkt i eigne erfaringar og fleirspråklege ressursar skal deltakarane kunne bruke lesing av tekstar til å tileigne seg kunnskapar og omgrepsforståing.

Utviklinga av å lese i naturfag går frå å finne og bruke informasjon i enkle tekstar og illustrasjonar til å tolke og reflektere over naturfaglege tekstar med stadig fleire fagomgrep, symbol, figurar og tabellar i opplæring, arbeidsliv og samfunnsliv.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i naturfag er å kunne hente inn, omarbeide, tolke og framstille relevant talmateriale. Rekning i naturfag inneber å bruke relevante omgrep og velje passande måleinstrument og måleiningar i arbeid med å løyse naturfaglege problemstillingar. Rekning i naturfag er òg å kunne samanlikne og vurdere berekningar, resultat og framstillingar, og tolke og reflektere over informasjon som inneheld tal, storleikar, tabellar, diagram, grafar og figurar. I møte med rekning i naturfag skal deltakarane dra nytte av den fleirspråklege kompetansen sin og sine eigne erfaringar med rekning og måling.

Utviklinga av å rekne i naturfag går frå å bruke enkle metodar for å telje opp, sortere og klassifisere til å kunne reflektere over val av metodar, omgrep og måleinstrument og vurdere resultat og informasjon kritisk.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i naturfag er å kunne bruke digitale ressursar til å utforske, registrere og presentere data frå observasjonar, feltarbeid og eigne og andre sine studiar. Digitale ferdigheiter er å bruke søkjeværktøy, meistre søkjestrategiar og finne og vurdere relevant informasjon om naturfaglege emne. Det er òg å kunne nytte seg av digitale ressursar og kjelder i utviklinga av eiga forståing av naturfaglege konsept, og i kommunikasjon med andre. Digitale ferdigheiter er å kunne orientere seg på digitale plattformer knytte til eigen livs- og helsesituasjon, og å nytte seg av fleirspråklege digitale kjelder og ressursar i arbeid med omgrepslæring og naturfagleg kunnskapsutvikling.

Utviklinga av digitale ferdigheiter i naturfag går frå å kunne bruke enkle digitale ressursar, måleinstrument og tekstbehandlingsprogram til i aukande grad å kunne arbeide sjølvstendig med digitale naturfaglege kjelder, bruke ulike digitale framstillingsmetodar i eige arbeid og vise dømmekraft i val og bruk av digitale kjelder.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering modul 1

Kompetansemål etter modul 1

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne

- undre seg og stille spørsmål, og knyte dette til eigne eller andre sine naturfaglege erfaringar
- gjere målingar og skrive inn resultata i ein enkel tabell eller eit enkelt skjema
- utforske og beskrive på ein enkel måte observerbare storleikar som fart og temperatur
- utforske, sortere og samtale med støtte om observerbare eigenskapar til ulike objekt, materiale og stoff
- kjenne til og bruke reglar for kjeldesortering og samtale med støtte om kjeldesortering og gjenbruk
- kjenne att og namngi nokre vanlege plante- og dyreartar i eit naturområde
- utforske og gi enkle beskrivingar av naturen i nærmiljøet
- beskrive på ein svært enkel måte naturopplevingar og kjenneteikn ved naturen i ulike årstider

- namngi sentrale kroppsdelar og beskrive hovudfunksjonen deira på ein enkel måte
- samtale med støtte om enkle, sentrale omgrep knytte til fysiske og psykiske helse
- samtale om mat og gi døme på sunt kosthald med utgangspunkt i offentlege tilrådingar
- kjenne til bruken av nødnummer og utøve grunnleggjande førstehjelp
- finne informasjon om ulike helsetenester i eige nærmiljø
- lage samansette tekstar med ord, enkle setningar og bilete for å beskrive observasjonar i naturen

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Deltakarane viser og utviklar kompetanse i naturfag modul 1 når dei undrar seg, stiller spørsmål og knyter eigne erfaringar til nye omgrep. Deltakarane viser og utviklar kompetanse òg når dei kommuniserer med støtte om natur i nærmiljøet og samtaler om kropp og helse på ein enkel måte, og gjennom å gjere og registrere enkle målingar og sortere ulike objekt etter observerbare storleikar og eigenskapar.

Læraren skal leggje til rette for deltakarmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å bruke varierte vurderingsformer og ta utgangspunkt i deltakarene sine erfaringar, ressursar og førkunnskapar i læringsarbeidet. Læraren og deltakarane skal vere i dialog om utviklinga til deltakarane i naturfag. Deltakarane skal få moglegheit til å setje ord på kva dei meistrar, og reflektere over si eiga faglege og språklege utvikling. Dei skal få informasjon om kva som er forventa av dei, og korleis dei kan arbeide vidare for å nå måla sine for opplæringa. Læraren skal bruke undervegsvurderinga til å tilpasse den vidare opplæringa. Undervegsvurderinga skal bidra til at deltakarane bruker kompetansane sine, erfaringar og språklege ressursar til å utforske og prøve seg fram i vidare læring.

Kompetansemål og vurdering modul 2

Kompetansemål etter modul 2

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne

- utforske og lage spørsmål til observasjonar og bruke enkle tabellar, modellar og figurar til å organisere innsamla data
- gi døme på kvar ein kan finne naturfagleg informasjon
- lese enkel naturfagleg informasjon og reflektere med støtte over truverdet til kjelda
- tolke faremerking av kvardagskjemikalier og kjenne til korleis dei skal oppbevarast

- utforske og beskrive på ein enkel måte korleis nokre stoffar kan endre seg når dei blir blanda med andre stoff
- gjere forsøk med, samle data om og gi enkle beskrivingar av nokre faste stoff, væsker og gassar
- samtale om vanlege vêrforhold med bakgrunn i eigne erfaringar, og beskrive kretsløpet til vatnet på ein enkel måte
- bruke modellar til å utforske korleis døgn og årstider oppstår
- gi ei enkel beskriving av nokre av organsystema i kroppen og utforske korleis ulike delar i systema verkar saman
- gi døme på vanlege sjukdommar, samtale om kva ein kan gjere for å verne kroppen mot smittsame sjukdommar, og gjere målingar av kroppstemperatur og puls
- samtale om korleis livsstil kan påverke helsa, og gi døme på konsekvensar ved bruk av rusmiddel
- samtale med støtte om grensesetjing og respekt for eigen og andre sin kropp
- gi ei enkel beskriving av hovudtrekka i utviklinga frå befruktning til fødsel
- gjere kort greie for dei mest brukte prevensjonsmidla, seksuelt overførbare sjukdommar og abort
- samanlikne naturen i nærområdet med andre naturområde, med utgangspunkt i eigne erfaringar
- skrive og fortelje om eigne erfaringar med naturen

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Deltakarane viser og utviklar kompetanse i naturfag modul 2 når dei bruker bilete og andre modellar til å gi enkle beskrivingar av nokre grunnleggjande samanhengar i naturfag. Dei viser og utviklar kompetanse òg i samtale med støtte om grunnleggjande aspekt ved reproduksjonen, grensesetjinga og helsa til menneskja, og når dei kategoriserer nokre stoff etter observerbare eigenskapar. Deltakarane viser kompetanse i naturfag når dei bruker erfaringane sine og fleirspråklegheita si som ressurs i eige læringsarbeid.

Læraren skal leggje til rette for deltakarmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å bruke varierte vurderingsformer og ta utgangspunkt i deltakarene sine erfaringar, ressursar og førkunnskapar i læringsarbeidet. Læraren og deltakarane skal vere i dialog om utviklinga til deltakarane i naturfag. Deltakarane skal få moglegheit til å setje ord på kva dei meistrar, og reflektere over si eiga faglege og språklege utvikling. Dei skal få informasjon om kva som er forventa av dei, og korleis dei kan arbeide vidare for å nå måla sine for opplæringa. Læraren skal bruke undervegsvurderinga til å tilpasse den vidare opplæringa. Undervegsvurderinga skal bidra til at deltakarane bruker kompetansane sine, erfaringar og språklege ressursar til å utforske og prøve seg fram i vidare læring.

Kompetansemål og vurdering modul 3

Kompetansemål etter modul 3

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne

- stille spørsmål om og utforske naturfaglege fenomen, samle data og presentere resultat og identifisere eventuelle feilkjelder
- gi døme på HMS-krav knytte til dagleglivet og arbeidslivet og samanlikne døma med egne erfaringar
- samtale om teknologi og oppfinningar, og beskrive og utforske samanhengen mellom form, materiale og funksjon
- samtale om kva energi er, beskrive og samanlikne fornybare og ikkje-fornybare energikjelder og gi døme på ulike energikjelder
- utforske enkle teknologiske system som bruker elektrisk energi, og samtale med støtte om bruk av og sikkerheit knytt til elektrisk energi
- kjenne att, observere og beskrive levande og ikkje-levande faktorar i eit naturområde og reflektere over samspelet og tilpassinga mellom dei
- utforske og beskrive ulike næringskjeder
- samle data om, utforske og beskrive likskapar og forskjellar mellom ulike artar, og sortere artane etter felles eigenskapar
- beskrive korleis alle organismar er bygde opp av celler, og gi døme på nokre oppgåver cellene har
- gi døme på korleis menneskeleg aktivitet påverkar eit naturområde, og føreslå tiltak som sørgjer for ei berekraftig utvikling
- samtale om avfallshandtering i eit lokalt og globalt perspektiv og gi døme på korleis forureining kan påverke små og store kretsløp
- skrive naturfaglege tekstar om observasjonar og erfaringar, med støtte i modelltekstar

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Deltakarane viser og utviklar kompetanse i naturfag modul 3 når dei utforskar naturfaglege emne, samlar data, presenterer resultat og identifiserer feilkjelder. Dei viser og utviklar kompetanse òg ved å sjå samanhengar mellom egne erfaringar og ny kunnskap om artar, økosystem og teknologi, og gjennom samtalar om celler, energi og berekraftig utvikling, med støtte i eiga fleispråklegheit.

Læraren skal leggje til rette for deltakarmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å bruke varierte vurderingsformer og ta utgangspunkt i deltakarene sine erfaringar, ressursar og førkunnskapar i læringsarbeidet. Læraren og deltakarane skal vere i dialog om utviklinga til deltakarane i naturfag. Deltakarane skal få moglegheit til å setje ord på kva dei meistrar, og reflektere over si eiga faglege og språklege utvikling. Dei skal få informasjon om kva som er forventna av dei, og korleis dei kan arbeide vidare for å nå måla sine for

opplæringa. Læraren skal bruke undervegsvurderinga til å tilpasse den vidare opplæringa. Undervegsvurderinga skal bidra til at deltakarane bruker kompetansane sine, erfaringar og språklege ressursar til å utforske og prøve seg fram i vidare læring.

Kompetansemål og vurdering modul 4

Kompetansemål etter modul 4

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne

- samtale om kva som kjenneteiknar naturvitskapleg kunnskap, og reflektere over korleis ny kunnskap blir utvikla gjennom samarbeid og kritisk tilnærming til eksisterande kunnskap
- utforske og gi døme på korleis teknologi kan løyse utfordringar, skape moglegheiter og føre til nye dilemma
- samtale om korleis energiproduksjon og energibruk kan påverke miljøet lokalt og globalt
- forklare drivhuseffekten og samtale om faktorar som kan forårsake globale klimaendringar
- bruke atommodellar og periodesystemet til å gjere greie for eigenskapar til nokre grunnstoff og kjemiske forbindelsar
- beskrive hovudtrekk ved fotosyntese og celleanding og reflektere over kvifor det er viktig for livet på jorda
- samtale om korleis pusten, fordøyinga og blodet jobbar saman gjennom celleanding for å opprettehalde dei vitale funksjonane i kroppen
- beskrive hovudtrekk ved evolusjonsteorien og knyte det til naturvitskapleg metode
- beskrive sentrale trekk ved immunforsvaret til kroppen, forklare korleis vaksinar verkar, og reflektere over kva vaksinar betyr for folkehelsa
- gjere greie for fysiske og psykiske forandringar som er sentrale i ulike livsfasar, og samtale om korleis desse forandringane kan påverke oss menneske
- samtale om grensesetjing, forståing og respekt knytt til seksualitet, prevensjonsmiddel og abort, og grunngi eigne synspunkt
- gi døme på og reflektere over korleis rus, legemiddel, miljøgifter og kosthald påverkar kroppen
- bruke naturfagleg kunnskap i samtalar om eit sjølvvalt samfunnsaktuelt tema

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Deltakarane viser og utviklar kompetanse i naturfag modul 4 når dei formidlar naturvitskaplege forklaringsmodellar, beskriv samanhengar og reflekterer over berekraftig utvikling i eit vidt perspektiv. Deltakarane viser og

utviklar kompetanse òg når dei reflekterer over naturvitskapleg kunnskap og metode, teknologisk utvikling og grunnleggjande føresetnader for liv. I tillegg viser deltakarane kompetanse gjennom å samtale om og beskrive funksjonane i kroppen og byggjesteinane i naturen på ein enkel måte. Deltakarane viser og utviklar kompetanse gjennom å reflektere over fysisk og psykisk helse sett i samanheng med grensesetjing og respekt og medborgarskap.

Læraren skal leggje til rette for deltakarmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å bruke varierte vurderingsformer og ta utgangspunkt i deltakarene sine erfaringar, ressursar og førkunnskapar i læringsarbeidet. Læraren og deltakarane skal vere i dialog om utviklinga til deltakarane i naturfag. Deltakarane skal få moglegheit til å setje ord på kva dei meistrar, og reflektere over si eiga faglege og språklege utvikling. Dei skal få informasjon om kva som er forventa av dei, og korleis dei kan arbeide vidare for å nå måla sine for opplæringa. Læraren skal bruke undervegsvurderinga til å tilpasse den vidare opplæringa. Undervegsvurderinga skal bidra til at deltakarane bruker kompetansane sine, erfaringar og språklege ressursar til å utforske og prøve seg fram i vidare læring.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen deltakaren har etter opplæringa i modul 4 i naturfag. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at deltakarane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i naturfag basert på kompetansen deltakaren har vist når deltakaren har kommunisert kunnskap om og forståing av innhald og samanhengane i faget. Karakteren skal òg vere basert på kompetansen deltakaren har vist når deltakaren har arbeidd utforskande med faget.

Vurderingsordning

Modulvurdering

Etter modul 1: Deltakaren skal ha éi vurdering. Karakterskalaen som skal brukast, er den tredelte skalaen låg måloppnåing, middels måloppnåing, høg måloppnåing.

Etter modul 2: Deltakaren skal ha éi vurdering. Karakterskalaen som skal brukast, er den tredelte skalaen låg måloppnåing, middels måloppnåing, høg måloppnåing.

Etter modul 3: Deltakaren skal ha éi vurdering.

Standpunktvurdering

Etter modul 4: Deltakeren skal ha éin standpunkt karakter.

Eksamen for deltakere

Etter modul 4: Deltakeren kan trekkast ut til munnleg-praktisk eksamen med førebuingdel. Munnleg-praktisk eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Eksamen for privatistar

Etter modul 4: Privatisten skal opp til munnleg-praktisk eksamen. Munnleg-praktisk eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Kommunen avgjer om privatistar skal få førebuingdel ved lokalt gitt eksamen.